

2025.10.07

Referat frå medlemsmøte Equinor Seniorklubb Mongstad tirsdag 7. oktober

Arvid ynskte alle velkomen til medlemsmøtet og delte litt info om denne dagen; 7. oktober er årets 280 dag, dvs. 85 dagar att av 2025.

Oktober er årets 10. månad, men navnet har den fått sidan det var romarane sin åttande. Norge vart den kalt *sædmånad* eller *slaktemånad*. I heidensk tid vart siste del av oktober rekna som *gormånad*, avlinga skulle no vera i hus.

Navnedag i dag har Birgitte, Birgit eller Berit

Det høver greit at ingen av medlemane har bursdag i dag då det er bursdagen til Vladimir Putin.

Arvid meddelte at der vart litt problem med bestilling av pådekking/mat til alle då dette vert gjort etter påmelding og ikkje etter innbetaling av eigenandel.

Etter spørsmål om reiseforsikring vart det så ein gjennomgang av kva som er på heimesida til seniorklubben der ein finn link til diverse info, mellom anna reiseforsikring. Der må ein registrera seg kvart år slik at vedkomande er med vidare ved nytt år for forsikring.

Der er diverre ingen helseforsikring.

Arvid hadde itroduksjon av Postkoret Bergen, eit mannskor med 32 medlemmar, stifta 18 april 1948. Koret har ein lang og fin aktivitet, berre i år, 2025, har koret hatt 7 framsyningar. Fra Os i sør til Skei i Jølster. Og koret var også utenlands i 2022, då i Dublin.

Etter ein kort pause kom Arvid med litt pausefyll; skrivefeil i meldingar eller e-postar som er sendt, men der teksten absolutt skulle vore retta på.

Etterpå info om årleg samling for Seniorklubbane i Trondheim, såkalla Seniorforum.

Der var me i alt 26 pensjonister frå 14 klubber samla over 2 dagar.

Tema på samlingen var info av og om alle klubber, korleis klubbane er organisert og selvfølgelig økonomi. I tillegg var 3 personer fra Equinor representert via videolink.

Der vart me noko overraskande presentert for eit nytt styringsdokument for alle velferdsklubbane i Equinor, WR2969, der ingen tidlegare innspel vart gjort greie for. Me vart oppmoda om nye innspel innan 1. oktober. Desse vart sendt, men vert truleg ikkje vurdert før neste revisjon.

Postkoret hadde så ei fin framsyning med nydelig song leia av ein dirigent som skapte god stemning i innleiing til kvar song.

Mat og kaffi vart servert.

Etter måltidet hadde Ottar litt meir om bakgrunn for klubben sine kommentarar til nye WR2969

Turnemnda minna om turen til Sound of Music, samt god tilbakemelding på turen til Åsgårdstrand

Arvid ynskte så alle vel heim

Mvh

Ottar Rosnes

